

Til kommunane i Region Nordhordland

Knarvik, 26. januar 2015

Skjønnsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2015

Me viser til vedlagte skriv datert 22.12.2014 frå Fylkesmannen om skjønnsmidlar til kommunane i 2015, og til vedlagte skriv datert 14.01.2015 frå Fylkesmannen om at søknadsfristen er utsatt til 13. mars .

Fylkesmannen har sett av 27 mill. kr som vil bli nytta til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjønn) og til generell fordeling gjennom året der t.d. uventa hendingar vil bli teke omsyn til. Fylkesmannen legg opp til å fordela 12. mill. kr no i fyrste omgang.

Som innført i 2014, er det lagt opp til ein søknadsprosess der regionråda har ei koordinerande rolle, og dei er bedt om å prioritera søknadane frå sin region. Dersom me står samla bak søknadane i regionen, vil me stå sterkare med omsyn til å få gjennomslag for søknadane. Sjølv om det bare er ein kommune som står bak søknaden, så vil den stå sterkare dersom regionen prioriterer den. Me ber kommunane om tenka gjennom – og få fram gode prosjekt med sikte på fornying og innovasjon.

Fylkesmannen viser til at kommunar i eit regionråd likevel kan søkja direkte til Fylkesmannen dersom det ligg føre særskilte årsaker for å gjera dette, men at dei primært ynskjer at søknadane skal sendast til regionråda.

Me viser til detaljer i vedlagte skriv. Fylkesmannen peikar på 5 område som dei særleg vil prioritera i 2015.

1. Barn og unge – kommunane sitt arbeid mot barnefattigdom
2. Støtte til lokale / interkommunale tiltak for utvikling av framtidsetta og gode omsorgstenester
3. By- og tettstadsutvikling
4. Beredskap og samfunnstryggleik
5. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusera klimagassutslepp

Kommunane har imidlertid fridom med omsyn til søknadsformål, og står fritt med omsyn til val av føremål innan alle kommunale tenesteområde.

Søknadsfristen til fylkesmannen er 13. mars. For at me skal kunne handsama dette – og leggja det fram for Regionrådet, ber me derfor om at kommunane seinast **innan fredag 28. februar** sender inn forslag til prosjekt / skisse til prosjekt. Send denne til e-post: post@nordhordland.net

Sjølve søknaden må skje gjennom elektronisk skjema hos Fylkesmannen. Dette skjemaet ligg foreløpig ikkje ute på nettsida til Fylkesmannen grunna skifte av skjemaleverandør, men me reknar med at den er på plass innan kort tid.

Med venleg helsing

Rune Heradstveit (sign)
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Skriv frå Fylkesmannen datert 14. januar 2015 «Skjønnsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt kommunane – utsetjing av fristar for søknadar og rapportering
- Skriv frå Fylkesmannen datert 22. desember 2014 «Skjønnsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt kommunane – 2015